

HØYRING AV FORSLAG OM ENDRING I FORSKRIFT OM PERSONALE I KOMMUNALE FOLKEBIBLIOTEK

Generelt

Haram kommune meiner at rekrutteringstiltak for å sikre fagutdanna leiar i heil stilling ikkje er godt nok utprøvd. Behovet for å tilsette ein bibliotekleiar på dispensasjon, med ei redusert utdanning, er derfor ikkje til stades enda.

Ei generell målsetting for kommunane og Kulturdepartementet må vere å finne strategiar for å rekruttere fagkvalifiserte bibliotekarar. Det endelege målet må vere å kunne fjerne behovet for dispensasjonsadgang.

Haram kommune ønskjer at den faglege og den generelle kompetansen blant sine tilsette skal ligge på eit høgt nivå. Kommunane kan ikkje utvikle fagkompetansen på fagområde som bibliotek. Ein er avhengig av at sentrale myndigheiter sørger for dette.

Haram kommune meiner at forskrifta ikkje gjeld personale i kommunale folkebibliotek, men berre bibliotekleiar. Tittelen bør harmonere med kva for bibliotekpersonale forskrifta omhandlar.

Utdanningsalternativ

Haram kommune ser positivt på ABM-utvikling sine tiltak for å utvikle eit desentralisert, fleksibelt, nettbasert utdanningstilbod for kommunale bibliotekleiarar tilsett på dispensasjon. Ein meiner at søkjarar med denne utdanning og ikkje noko anna høgare utdanning, ikkje er godt nok utdanna. Det er positivt at denne utdanninga skal gjennomførast innan kort tid.

Ein har grunn til å tru at den førespegla utdanninga er berre godt nok for ein to-års dispensasjonsperiode, inntil kommunen lukkast med rekrutteringa av ein bibliotekar med eit utdanningsalternativ omtala i §2.

Forskrifta bør opne for personale med europeisk bibliotekarutdanning. Dette ligg som oftast på eit høgt nivå, og er eit betre alternativ enn ei kort utdanning på dispensasjon. Norske studentar får fagutdanninga si i fleire fag i Vest-Europa, og i aukande grad i Aust-Europa.

Rekruttering

Formuleringa i §2 signaliserer som før at kommunane må sjå etter nordiske søkjarar. Dette utgjør ein restriksjon for kommunane som kan løyse sine rekrutteringsproblem på andre måtar. Kommunane som har rekrutteringsproblem er ofte dei same som har lang erfaring med å rekruttere anna fagpersonell frå Europa.

Ein vil at kommunane skal løyse sine oppgåver. Det er lettare for kommunesektoren å utdanne ein fagutdanna europear i norsk enn å utdanne ein lokal person i eit spesifikk fag.

Målsettinga er å skaffe bibliotekleiarar med god fagleg kompetanse. Dersom forskrifta skal vere tilpassa dagens situasjon, må den europeiske arbeidsmarknaden vere tilgjengeleg for kommunane.

Dette bør vere med i dokumentasjonen kommunen oppgir om rekrutteringsforsøk før dispensasjonsadgangen vert gitt.

Interkommunale tilsettingar

Haram kommune grensar opp til kommunar som har tilsett personar utan bibliotekautdanning som bibliotekleiar. Så vidt vi kjenner til, har ikkje nokon tatt eit initiativ ovafor vårt bibliotek med spørsmål om interkommunal bibliotekleiar. Hvis dette gjenspeiler erfaringar andre stader, tydar det på at dette alternativ til dispensasjon ikkje er utprøvd.

Ettersom lova krev at stillinga lysast ut med krav om fagutdanning, er det naturleg at bibliotekmyndigheiter er aktive på dette område for å hjelpe kommunane.

Det er grunn til å tru at denne kommunikasjonen ikkje er god nok. Dette stadfestar etter vårt syn at interkommunale tilsettingar og andre samarbeidsmodellar er lite utprøvd i forhold til målsettinga om at det skal vere ein fagutdanna bibliotekar i kvar kommune.

Vi meiner at det finst både fagutdanna bibliotekleiarar som kan ha oppsyn med nabokommunar og eigna arbeidsledige fagutdanna bibliotekarar som ville finne interkommunale bibliotekleiarstillingar interessante og lønsame.

Forslag

Haram kommune foreslår desse endringar til Departementet sitt forslag:

Forskrifta bør heite *Forskrift om bibliotekleieren i det kommunale folkebibliotek*

I

§2 2. snitt: *kandidat med bibliotekareksamen frå Høgskolen i Oslo , eller tilsvarande europeisk utdanning.*

§3 2. snitt: *ABM-utvikling kan dispensere fra kravet dersom kommunen kan dokumentere at det etter grundig forsøk ikkje har vært muleg å tilsette kvalifisert fagutdanna søkjar. Kommunen kan tilsette den best kvalifiserte søkjaren i to år. Bibliotekmyndigheiter skal hjelpe kommunen å gjennopta rekrutteringa av fagutdanna bibliotekar 18 månadar etter tilsettinga på dispensasjon. Retningsliner for rekruttering vert utarbeidd av ABM-utvikling.*

4. snitt: *Tilsetting på dispensasjon skjer på føresetnad av at søkjaren pliktar å gjennomgå opplæring det første året. Retningsliner for opplæringa vert utarbeidd av ABM-utvikling*

II

2. setning: *Dei kommunane som har vanskar med å rekruttere fagutdanna bibliotekleiar skal søkje råd om rekrutteringsalternativ.*

David Beadle
Bibliotekleiar